



Christoffer Fossli held fram som leiar i Uskedal Idrettslag.

**Christoffer Fossli held fram som leiar i Uskedal Idrettslag. Det same gjer heile styret bortsett frå Helene Huse Bjørnebøle. Ho bed om overgang til Fotballgruppa. Styret og gruppene kan syna til stor og jevn aktivitet i 2019. Gruppene jobbar godt og det er starta ei ny gruppe for prosjektering og bygging av eit utvida aktivitetshus som eit klatresenter. SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad og Kvinnherad kommune har ytt tilskot til forprosjektet.**

Medlemstalet i 2019 var 271 personar. Av desse er 123 under 18 år. 148 medlemmer er over 18 år. Talet medlemmer i 2019 er noko lågare enn for 2018.

Styret har saman med gruppene arbeidd aktivt for å søkja gåver frå ulike stiftingar, noko som har ført til at det er løyvd midlar til renovering av garderobane på Heio og til innkjøp av klatreutstyr til utekltringa i Uskedalen.



To av mange tiltak er at det er laga mur og lagt asfalt i område rundt kunstgrasbanen.

Desse undergruppene er i arbeid i Uskedal Idrettslag:

- Fotballgruppa med 70 - 80 aktive spelarar
- Turngruppa med trim for vaksne
- Turgruppa med ansvar for fjelltrimmen, skilting og vedlikehald av merka ruter
- Klatregruppa med nye aktivitetar og stor interesse for sporten
- Ski- og friidrettsgruppa med mange aktivitetar, mellom anna som arrangør av SPAR løpet.

Økonomien er god, sjølv om ein må dekkja inn eit underskot på kr.152.465,- i 2019. Frå SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad er det motteke kr. 590.000,- i 2019. Prosjektet Gull av grus er ført på eigen konto, som i 2019 er utgiftsført med kr. 159.175,-. Pr. 31.12.2019 hadde Uskedal Idrettslag 1,179 mill. kr. på konto.

Sumarum AS har bokført og revidert rekneskapet for Idrettslaget.

På årsmøte vart Amund Berge-Soldal tildelt gullnåla i friidrett, noko Uskedalen.no vil koma tilbake til i eige innlegg.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Ski-og friidrettsgruppa er fast arrangør av SPAR løpet.